



2016 •

September •

Oktober •

November •

Desember •




**Hanne Boel Trio**

## Utstillinger

Utstillingsopning 27. august

### Gunnveig Nerol

*"Tingenes tilstand"*



Måleri og glasarbeid

Arrangør:  
Ål kunstforening

Utstillingsopning 15. oktober

### Grenlandskunstnerne ØKER



Måleri, teikning, keramikk,  
foto, tekstil og skulptur

Arrangør:  
Ål kulturhus

Utstillingsopning 19. november

### Juleutstillinga 2016

Ørnulf Opdahl, Nils Ellingsgard,  
Astri Styrkestad, Rudi Juchelka,  
Anne Berit Nedland,  
Marie Ridderhus, Mette Paalgard,  
Signe Fuglesteg Luksengard,  
Gøsta Munsterhjem



Akvarell, måleri, skulptur,  
teikning, foto, smykker, glas, m.m.

Arrangør:  
Ål kunstforening

## Galleri Syningen



## PRØV EIN HEILAFTEN

Ål kulturhus samarbeider med Thon Hotel Hallingdal og Hallingdal Feriepark om middagsservering før arrangement. For hausten 2016 gjeld det desse forestillingane:

**15. september:** Riksteatret: MIN KAMP

**30. september:** ØRJAN BURØE - "FORDOMMER"

**2. november:** HANNE BOEL

**18. november:** VIGGO SANDVIK & GÖRAN FRISTORP

**25. november:** TED TORRES M/BAND

**8. desember:** AASMUND NORDSTOGA/GUNNHILD SUNDLI

Sjå pris, klokkeslett, stad og meny på dei aktuelle arrangementa

### KJØP BILLETTAR PÅ

[www.aal.kulturhus.no](http://www.aal.kulturhus.no)

[www.hallingbillett.no](http://www.hallingbillett.no)

**Billettkjøp i skranken på Ål kulturhus kostar kr. 10,- ekstra**

**NB! Prisane som står i dette programmet er prisar ved kjøp av billettar på nett**



**Me ynskjer velkommen til Ål kulturhus  
- staden for dei gode opplevingane!**

### Kjære publikum

Ål kulturhus ynskjer å vere eit hus for alle, og haustens program tek sikte på å famne om eit breidt utval av tilbod. Standup, konsertar, bokbad, teater, dans og foredrag. Gå på det du likar best, men eg oppfordrar deg også til å prøve noko du ikkje er så kjent med. Eg trur du blir positivt overraska.

I juni 2016 vart det bestemt at Ål kulturhus skal gjerast om og byggast ut. Vegen har vore lang før dette endelige vedtaket, men no veit me at me går ei spennande byggetid i møte. Eit snart 25 år gammalt kulturhus skal moderniserast og gje rom for endå fleire personar, både folk som skal jobbe i huset, men også nye publikummarar som skal få opplevingar som vil gje varige minne.

Det vil yre av liv i det nye kulturhuset, og me som allereie arbeider her skal i framtida få nye vene i form av tilsette på voksenopplæringa, frivilligsentralen og alle våre nye landsmenn som har gjeve seg i kast med norskopplæring.

Me gler oss til nye tider, men først skal me nyte ein vakker haust med stort kulturelt innhald.

Velkommen til Ål kulturhus!

Anita B. Skoglund

● Info

**Ål kulturhus**  
Myren 40, 3570 Ål  
Telefon: 32 08 51 00  
Telefaks: 32 08 16 44  
[aal.kulturhus@hallingnett.no](mailto:aal.kulturhus@hallingnett.no)  
[www.aal.kulturhus.no](http://www.aal.kulturhus.no)

Info •

## Nytt 3D-system på Ål kino



I juli 2016 fekk me nytt lerret i Storesalen, og med dette eit nytt 3D-brillesystem.

Dei nye brillene kjem i storleikar for vaksne, barn og som klips til briller.  
Briller til Storesalen kan du kjøpe for kr. 20,- og dei kan nyttast om att og om att.

I Veslesalen brukar me framleis det opprinnelege 3D-systemet.  
Her får du låne 3D-briller når du kjem på kinobesök.

**VELKOMEN TIL ÅL KINO**



## Gåvekort

Gje nokon ei god oppleving - kjøp gåvekort på Ål kulturhus!

Kortet kjøper du i skranken på kulturhuset, og du kan sjølv bestemme sum. Gåvekortet gjeld i eitt år, og kan brukast både på kino og kulturarrangement, samt til kioskvarer.

NB! Kortet kan du kun nyte til kjøp over disk på Ål kulturhus (ikkje på nett).

Ynskjer du eit gåvekort som du kan nytte til billettkjøp på nett,  
kjøper du det på [aal.kulturhus.no](http://aal.kulturhus.no) eller [hallingbillett.no](http://hallingbillett.no).

ÅI kyrkjeakademi presenterer:

Foredrag



## Kåre Olav Solhjell Arbeidar på skaparens jord

Foto:Torunn Sokollek-Lied

Kåre Olav Solhjell fortel om si trusreise frå oppveksten på Møre, via skulegang og studiar på Vestlandet og i Oslo, gjennom eit variert yrkesliv fram til pensjonsalder med refleksjon over livets alvor.

Han vil også dele nokre tankar om det store biletet av kristendomen sin plass i Europa.

Kåre Olav Solhjell (f. 1942) er historikar, lærar og gardbrukar med røter frå Romsdal. Han har forfatta fleire bygdebøker og lokalhistoriske bøker. Han har representert KrF i Gol kommunestyre i fire periodar. Han har også sitte på fylkestinget i Buskerud og i Tunsberg Bispedømmeråd.

Han har vore styreleiar i Hallingdal Kraftnett, i tillegg til mange andre lokale verv.

Nesch-museet

**Fredag 2. september kl. 1915**

Billettar kr. 150,-/120,-



● Show

Erik Mogeno er mannen som i 5 år har reist rundt i Noreg og underhalde fleire hundre bedrifter med dei morosame buktalarkarakterane sine. No er han endeleg klar med sitt fyrste heilaftens soloshow. I 2 år har han jobba med dette showet, samtidig som han har klyppt navlestreng, skifta bleier og varma opp morsmjølkerstatning. For det er dette Erik har drive med etter at han vart pappa. I forestillinga spørker Erik om alt frå ultralyd til sexfiksert barne-TV. Han undrar seg over kva folk forventar av unge foreldre, og kvifor dei lurer på korleis fødselen gjekk? Det heile er lagt opp som eit stand up-show, men fleire av Erik sine buktalarkarakterar er sjølv sagt også med. Gjer deg klar til ein skikkeleg god latter servert av ein morosam småbarnsfar.

# -DU SKAL BLI PAPPA!

Et humorshow av og med ERIK MOGENO

Veslesalen  
**Fredag 9. september kl. 2000**  
Billettar kr. 175,-

Buskerud Mållag / Hått Halling presenterer:

# GRATIS SONGSTUND OG KONSERT FOR HEILE FAMILIEN


Den nye praktboka **VIL DU VERA VENEN MIN**  
består av ei unik samling nyskrivne og gamle  
**barnesongar og regler frå Hallingdal**

I denne trivelege timen toneset lokale artistar nokon av  
dei mange songskattane, og det blir sjølv sagt høve til å  
**syngje med** for store og små

Med **Margit Myhr**, **Arne Moslåtten**, **Jo Asgeir Lie** og  
**barnekor** frå Gol og Hovet under leiing av **Inger Marie**  
**Lien Rust** og **Ingjerd Almås Anfinset**



Bok + CD til salgs for kr 350  
under arrangementet. Pakka er og  
å få kjøpt hjå bokhandlarane i  
Hallingdal og på Kiwi Hemsedal  
frå 10/9. Den kan også tingast  
frå maria.hogetveit@gmail.com eller  
med sms til 95128923



**REDAKTØR: ARNE MOSLÅTSEN**  
**ILLUSTRATØR: INGUNN WIKEN**  
**116 SIDER, 71 SONGAR, 9 REGLER**  
**CD M/ALLE SONGANE INKLUDERT**

Galleri Syningen

**Laurdag 10. september kl. 1500**  
Gratis inngang

PS: Hått Halling jobbar for å auke kunna om og interessa for nynorsk og halling blandt born og unge. I haust  
får alle Hallingdals-barnehagar som ynskjer det besøk av Margit Myhr, som lærer bort songar frå boka.

# Min kamp

«Eksellent teater som til tider overgår romanen»  
NRK

«Virkelig slående»  
DAGENS NYHETER



## HEILAFTEN!

Thon Hotel Hallingdal  
Kl. 17.00

- Marinert svinefilet m/ferske steikte grønsaker og husets potetar
- Heimelaga eplekake med is

Billett inkl middag kr. 660,-

Foto: Cato Lein

*Min kamp* er tiårets litterære sensasjon. Med den tok Karl Ove Knausgård eit stort, boklesande publikum med storm, også langt utanfor Noregs grenser. Romanserien handlar om hans eige liv, om den verda han vaks opp i, om familien, vennene, om alle vala som gjorde han til den han vart og er. Med ein nådelaus trang til å forstå, og til å leve eit anstendig og sant liv, set Knausgård namn på ei norsk notid som me alle høyrer heime i. Han skriv så hudlaust og beint fram at me alle kjenner oss råka. Kampen hans blir vår kamp. No er historia gjenskapt for scenen, i ei svært vellykka bearbeiding av den norske regissøren Ole Anders Tandberg. *Min kamp* vart uroppført på Stockholm Stadsteater i 2015 til jublende kritikkar, ekstraforestillingar og overføring på svensk TV. Seksbinds-romanen på 3622 sider har vorte til to og ein halv times kritikkarosa teater.

– Knausgård skriv med livet som innsats. Brutalt og ærleg. Til attkjening for alle. Det er innhaldet, ikkje suksessen, som publikum er opptekne av, seier Ole Anders Tandberg. No set han opp teaterversjonen av *Min kamp* i Noreg med mellom andre Agnes Kittelsen, Christian Rubeck og Ingjerd Egeberg på scenen. Forestillinga varar i omlag 2 timer og 30 minutt (inkl. pause).

Med: Agnes Kittelsen,  
Christian Rubeck,  
Ingjerd Egeberg, m.fl..

Kostymedesign og  
scenografi: Erlend Birkeland  
Lysdesign: Ellen Ruge  
Musikk: Joel Sahlin

Produsert av Riksteatret,  
Oslo Nye Teater og Agder Teater

Storesalen  
**Torsdag 15. september kl. 1900**  
Billett kr. 415,-/335,-

## Skarvebarna presenterer:

Musikal



### SOS

#### - Ein musikal fritt etter *Mamma Mia*

Sophie skal gifte seg med Sky, og er på jakt etter far sin før den store dagen. Det er berre eitt problem – ho er ikkje sikker på kven han er. Etter å ha lese mor Donna si gamle dagbok i all løyndom, inviterer ho like godt dei tre moglege farskandidatane til bryllaupet. Dei kjem alle tre, Donna og venninnene hennar får seg ei real overrasking og etter kvart blir det kjærleik i lufta både for den eine og den andre.

Storesalen

Torsdag 22. september kl. 1800

Sundag 25. september kl. 1600

Billettar kr. 150,-/80,-

Dette er andre gongen **Skarvebarna** frå Hovet viser fram ein musicalproduksjon på Ål kulturhus. 22 barn og ungdomar syng, dansar og byr på seg sjølv i denne musicalen. Med eit knippe av dei beste musikarane i Hallingdal i orkesteret, og alle dei gode, gamle Abba-låtane på spelelista, passar forestillinga for heile familien.

# ØRJAN BURØE FORDOMMER

Stand up

**HEILAFTEN!**  
Hallingdal Feriepark  
Kl. 17.00  
•Braisert lammeskank med  
rotgrønsaker og potetstappe  
•Creme brûlée  
**Billett inkl middag kr. 590,-**

Dette er Ørjan Burøe si aller første soloforestilling. I over 18 år har han reist rundt som komikar, men det er først no han står åleine - og Ørjan står stolpestøtt. Dette er ei forestilling som røskar deg i sjela og han rører seg hårfint på kniveggen heile vegen. Med nærare 50% skilsmisser i året meiner Ørjan det er på tide at ein tek seg sjølv, forholdet og ungane på alvor. Forestillinga tek tak i tabubelagte tema som sjalusi, sorg og fordomar, men også dei trivielle kvardagslege tinga me kanskje ikkje pratar så mykje om. Ørjan Burøe er ein komikar med svært mykje på hjarta, og det tok ikkje lang tid før bloggen hans var blant dei mest lesne i landet. Med lang fartstid på radio, TV og ikkje minst scene, er dette ei morosam og sterkt forestilling med tette punchlines som gjer at du ler og ler og ler - og kanskje til og med gret ein liten skvett...

Storesalen  
**Fredag 30. september kl. 1900**  
Billettar kr. 345,-

# Absence Crew NORR - da gudene breaket



Foto: Magnus Skrede

Dansarar:  
**Christoffer Bottolfsen, Daniel Grindeland,  
Halvard Haldorsen, Piero Issa,  
Ole Petter Knarvik og Andreas Roksvåg.**

Forteljarar/voiceover:  
**André Eriksen og Ragnhild Hiorthøy**

Prisløna Absence Crew er noregsmeistrar i breaking – kjent frå mellom anna Norske Talenter og som vinnarar av Mitt dansecrew på TV2. I ekte Absence-stil har dei no skapt ei ny breakeforestilling om norrøn mytologi. Her får du oppleve akrobatikk på ekstremt høgt nivå, fortryllande scenografi, spesialeffektar og kostymar du berre har sett på film. «Absence gjer norrøne gudar til breakemeistarar i ein forrykande dansekamp som imponerer (...)

Dei gjer vanvittige krumspring, levande hjul og rørsler raskare enn auge kan følgje.

Absence dansar fletta av alle, og no gjer dei det som norrøne gudar» BA (5).  
Etterpå får du helse på dansarane og prøve deg på nokre av krumspringa i forestillinga.

Du kjem til å kjenne rytmene til vikingtrommene godt på kroppen!

Forestillinga varar i 55 minutt.

Produsert av Absence i samarbeid  
med Den Nationale Scene.

Storesalen

**Måndag 10. oktober kl. 1800**

Billettar kr. 230,-/190,-

Ål kyrkjeakademi presenterer:

## Varme hender

### Foredrag ved Jan-Olav Henriksen

Mange menneske har opplevd uforklårleg tilfriskning eller lindring av plager, og har erfart at varme hender finst.

Dei fleste har hørt om fenomenet, men er kanskje usikre på kva ein skal tru eller meine om det. Og ikkje så reint få reagerer med hovudrystante vantru, og stemplar dette som humbug og lureri.

Jan-Olav Henriksen er professor i teologi ved MF, og han har undervist og forska både ved MF og andre universitet i ei årrekke. Han har bak seg ein stor produksjon av bøker og artiklar - og er ein forskar og formidlar som mange lyttar til.

Han hadde i fleire år forska på erfaringane folk har med både varme hender og andre uforklårlege opplevingar, då han sjølv erfarte å få varme hender.

Ål kyrkjeakademi inviterer til ein kveld med fokus på dette temaet som både opptar og engasjerer, men som mange har lite kunnskap om.

Jan-Olav Henriksen har sagt ja til å dele sin kunnskap og sine erfaringar med oss, og kanskje bidra til ei større forståing av fenomenet.



• Foredrag

Nesch-museet  
**Onsdag 12. oktober kl. 1915**  
Billettar kr. 150,-/120,-

Billettelefon: 32 08 51 00

R  
I  
K  
S

TEATRET

Teater

Foto: Fredrik Arff

På scena:  
Simon Andersen,  
Nils Johnson,  
Ingolf Karinen,  
Daniel Karlsson,  
Peter Brandt Kippersund,  
Kikki Storno og  
Frank Ole Sætrang.

Basert på Kjell Aukrust  
sine bøker  
Manus: Gorm Jenseg  
Regissør: Lars Erik Holter  
Scenograf: Dordi Strøm  
Kostymedesigner: Ingrid Nylander  
Komponist: Marius Podolski  
Lydsdesigner: Arne Lindberget  
Videodesigner: Åsmund Bøe  
Dramaturg: Tine Thomassen

Storesalen

**Laurdag 15. oktober kl. 1700**

Billettar kr. 250,-/210,-

Billettelefon: 32 08 51 00



## **Heia Flåklypa!**

### **Solan, Ludvig og den store mjølkespannkastekonkurransen**

Dra meg baklengs inn i fuglekassa! Endeleg blir det teater av verda til Solan, Ludvig og Reodor Felgen.

Fyrsteklasses familieunderhaldning - både for gamle Flåklypa-fans og nye tilhengjarar.

Den tradisjonelle mjølkespannkastekonkurransen nærmar seg, og alle i Flåklypa er sikre på at representanten deira, Emanuel Desperados, går av med sigeren. Men det går skumle rykter om at ein sterk konkurrent frå Oslo nærmar seg bygda. Samtidig står det gode, gamle meieriet i fare for å bli selt til storkapitalen. Desperados får dessutan tilbod om å kaste for konkurrenten. Hmm...her er det nokon som ikkje har reint mjøl i posen.

Kven står bak? Korleis har dei tenkt å røve til seg sigeren? Og kva i all verda skal Solan og Ludvig gjøre for å hindre katastrofa? Med ei herleg historie og mykje sang og musikk, skal Kjell Aukrust sine kjente og kjære skikkelsar få liv på scena. Aukrust har fanga den norske folkesjela, blir det sagt, og no skal Riksteatret fange det norske folk. Endeleg skal det bli avgjort kven som er best,

Flåklypa eller Oslo! Etter forestillinga kan du helse på karakterane i Flåklypa.

Forestillinga varar i 2 timer inkl. pause.

[www.aal.kulturhus.no](http://www.aal.kulturhus.no)

## Storhelg i Hallingdal



Andre avdeling på opningsforestillinga er danseforestillinga MØTE.

MØTE er ei forestilling om møte mellom menneske i dansen og i livet. Er me opne, eller set me på oss masker når me møtast? Korleis taklar ein frykta for det framande? Er det best å halde maskane våre på, eller blir livet betre om me opnar oss og møter omverda som dei me eigentleg er? Forestillinga er bygd opp med tradisjonelle dansar, og viser krafta og energien i gamle runddansar, springar, pols og halling. Musikaren er med i scenebiletet og er medspelar til dansarane. Men han utfordrar også, og vil vera med på å styre kva som skjer i MØTE.

**Dansarar:** Solveig Hårdnes og Martin Myhr.

**Fele:** Einar Olav Larsen.

**Regi:** Harald Hoaas.

## MØTE

For tredje året arrangerer Hallingdal Juniorspelemannslag, i samarbeid med Ål kulturhus og folkemusikkmiljøet i dalen, **Storhelg i Hallingdal**.

Det er kurs i spel, song og dans for ungdom fra 14 år, og i tillegg er det opne konserter og forestillingar.

Storhelga startar fredag, og opningsforestillinga i år blir ein forrykande kveld i to avdelingar. Fyrste avdeling blir ein konsert med toppspelemennene **Kristoffer Kleiveland** frå Osterøy på torader, og **Alexander Aga Røynstrand** frå

Hardanger på hardingfele. Begge er utdanna ved Ole Bull Akademiet. Kristoffer har vunne landskappleiken dei to siste åra, og Alexander har utvikla seg til å bli ein av dei verkeleg gode utøvarane i hardingfele klasse A. Under Fanitulltevlinga på Folkemusikkveka 2016, var han ein av finalistane.

**Konsert**

**Dans**

Storesalen

**Fredag 21. oktober kl. 1930**

Billettar kr. 180,-  
Fellesbillett fredag/sundag kr. 300,-

## Storhelg i Hallingdal

### Meister og elev

Konsert

Dans



Foto: Runhild Heggem

**Storhelg i Hallingdal** blir avslutta med forestillinga Meister og elev. Her stiller artistane som har vore instruktørar gjennom helga opp på scena saman med ungdommane. Publikum får møte møte Alexander Aga Røinstrand, Selma French Bolstad og Helga Myhr på hardingfele, Kristoffer Kleiveland på torader, Margit Myhr, song, Silje Risdal Liahagen og Eirik Fuglesteg Luksengard, dans, Rasmus Kjorstad, vanleg fele og Sina Myhr på langeleik. Dei har med seg 70 unge utøvarar frå rundt om i landet. Her får me verkeleg oppleva kor mykje god dans og godt spel me har i vente i åra framover!

Programleiar: Martin Myhr.

Arrangementet er i regi av Hallingdal Juniorspelemannslag, i samarbeid med Ål kulturhus, Hugnad UL, Ål spel og dansarlag, Buskerud Folkemusikkklag og Folkemusikkveka. Med stønad frå Ål kommune, Komp, RFF, Sparebank 1 Hallingdal Valdres, Ål Musikkråd og Geilo Spelemannslag.

Storesalen

**Sundag 23. oktober kl. 1500**

Billett kr. 150,-

Fellesbillett fredag/sundag kr. 300,-



• Konsert

## Buicken

**Lars Saabye Christensen, Stian Carstensen,  
Amund Maarud og Tom Stalsberg**

Prosjektet *Buicken* starta ved at forfattar Lars Saabye Christensen, forfattar og journalist Tom Stalsberg og fotograf Lars Bones reiste til USA på reportasje for Dagbladet Magasinet og kom heim med eit overskot av ord, bakrus, setningar, därleg råd og stemningar. Ein vinterdag tok forfattarane med seg tekstene i studio, og saman med dei vel så prisvinnande multimusikarane, Knut Reiersrud og Stian Carstensen, improviserte dei fram ei heilt unik lydbok – prega av nærvær og kreativitet: *Men Buicken står der fremdeles* (Lydbokforlaget, 2010).

Saabye, Stalsberg og Bones har i tillegg gjeve ut to bøker saman. I staden for å la det stoppe med bok- og lydbokutgjeving ynskte Buicken-gjengen å ta prosjektet ut på vegen.

Tekstane og melodiane som blir framført denne kvelden er henta frå desse verka, pluss ting som blir skrivne undervegs og i farta. Med seg har Lars Saabye Christensen og Tom Stalsberg dei fantastiske musikarane Stian Carstensen og Amund Maarud.

Storesalen

**Torsdag 27. oktober kl 1900**  
Billettar kr. 250,-



## Hanne Boel Trio

Konsert

Storesalen  
**Onsdag 2. november kl. 1900**  
Billettar kr. 400,-

Den danske artisten Hanne Boel slo gjennom som songar på slutten av 1980-talet og har sidan då halde seg på toppen av den danske soulpopscenen med diverse priser og omkring 20 utgjevingar bak seg. No har ho samla ein akustisk trio som består av henne sjølv og dei to gitaristane Jens Runge og Jacob Funch. Publikum kan forvente ein kombinasjon av det prøvde, det nye, det soulete, det bluesete og det jazza - alt det som Hanne Boel er laga av. Boel har nye tolkingar av eigne hits frå fortid såvel som notid, og ho kombinerer eigen musikk med personlege og karakterfulle tolkingar av låtar som står henne nær.

På setlista finn me mellom anna låtar som gjorde henne kjent. Det blir til dømes gjenhøy med hits som *Don't Know Much About Love*, *Black Wolf*, *Talk It Out*, *(I Wanna) Make Love To You* og *Light In Your Heart*.

**Billett inkl middag kr. 645,-**

### HEILAFTEN!

Thon Hotel Hallingdal  
Kl. 17.00

- Black&White: oksefilet m/peppersaus og svinefilet m/bernaisesaus
- Milde måne: vaniljeis, bjørnebær, eggelikør og krem

Leveld Teaterlag presenterer:

## Rett i lomma

Forestillingar på Leveldtun:

- 10. november kl. 19.00**
- 12. november kl. 19.00**
- 13. november kl. 16.00**
- 14. november kl. 19.00**
- 15. november kl. 19.00**
- 16. november kl. 19.00**



Latteren sitt laust når Leveld Teaterlag syner komedien «Rett i lomma» av Michael Cooney. Me møter Erik Bruun som mjølkar trygdesystemet ved å dikte opp leigebuarar med den eine historia verre enn den andre, og det utan at kona veit noko om det. Problema startar då trygdeinspektør Fylking bankar på døra for å sjekke tilhøva, og Erik Bruun må starte ein enorm og stadig meir komplisert prosess for å dekke over svindelen...

At det går an å ha det moro med trygdesvindel er det ingen tvil om, og dette er farse av beste sort. Stykket vart spelt på Chateau Neuf i 1995 og vart seinare sendt på NRK ved fleire høve. Denne gongen er det ti durkdrevne skodespelarar frå Leveld Teaterlag som er med i stykket, og dei gler seg til å spele seks forestillingar for deg på Leveldtun.

● Teater

NB! Leveldtun  
**10.-16. november**  
Billettar kr. 240,-

Teater



# DRACULA

av Bram Stoker

Regi:  
Erlend Samnøen.

Dramatikar:  
Morten Espeland.

Scenografi/  
kostymedesign:

Maja Nilsen.

Lyddesign:

Nils Jakob Langvik.

Med: Julie Moe Sandø,

Marte Solem, Morten Espeland,  
Dagfinn Tutturen, Endre S. Ellefsen  
og Erik Bauck Bårdstø.

Foto: Brageteatret v/Kjetil Moslåtten.

*Dracula*, skrive av den engelske forfattaren Bram Stoker i 1897, er ein klassikar innan grøssarsjangeren, og kan seiast å vere verdas mest kjende skrekkestjuling.

Advokat Jonathan Harker reiser på oppdrag til Transsilvania for å hjelpe Grev Dracula med kjøp av eigedom i England. Harker skjørnar fort at noko ikkje er som det skal og innser at han er fange i borga til greven. Med naud og neppe greier han å sleppe unna. I England blir den vakre Lucy Westerana därlegare og därlegare av ein mystisk sjukdom. Når Dr Van Helsing og Dr Seward forstår kva som har ramma henne, er det dessverre for sein. Ho har vorte eit av ofra til Dracula. Saman med Jonathan og Arthur, enkemannen til Lucy, startar dei fire jakta for å utslette Dracula ein gong for alle.

I Brageteatret si forestilling er mørke eit stikkord. Karakterane sin kamp mot Dracula blir gradvis ein kamp mot det mørke dei har i seg sjølv. Handlinga, som foregår delvis i Transsilvania og delvis i London på slutten av 1800-talet, byggjer opp om at det me fryktar aller mest lever sterkest i vår eigen fantasi. Lys, lyd, skugge og mørke skapar ei vakker og uhyllelig teateroppleveling med ei god og spennande fortelling. For det er det Dracula først og fremst er – ei usedvanleg vellykkja grøssarhistorie.

Storesalen

**Fredag 11. november kl. 1930**

Billettar kr. 305,-/225,-

Bli med inn og la fantasien få fritt spelerom i mørket - viss du tør...

# Viggo Sandvik og Göran Fristorp



## Sammen, hver for seg

Dette blir ein munter, nær, varm og musikalsk kveld med to gode vener som elskar å spele ilag. Karane jobba saman i 2012 med forestillinga *Prøysen møter Taube*. Dette gav meirsmak. I denne konserten vil dei synge fram det dei er mest kjent for - og overraske litt på vegn også. Fristorp, Ferlin og Taube møter Viggo Sandvik sin Prøysen og me får også høre deira eigne låtar og gamle hits.

• Konsert

### HEILAFTEN!

Hallingdal Feriepark

Kl. 17.00

- Røykt kalkun med timiansjy,
- Annapotet og haustens grønsaker
- Heimelaga eplekake med is

Billett inkl middag kr. 595,-

Storesalen

Fredag 18. november kl. 1900

Billettar kr. 350,-

# Bokmessa i Hallingdal



Arrangør:  
Biblioteka i Hallingdal  
i samarbeid med Norli Ål

norli

Storesalen  
**Laurdag 19. november kl. 1200**  
Billettar kr. 150,- (gratis for barn)

Billettelefon: 32 08 51 00

Velkomen til årets bokgilde i Ål kulturhus, der forfattarar av lokalt og nasjonalt format kjem for å møte leesarane sine og presentere nye bøker!  
På boktorget kan du handle harde julegåver, slå av ein prat med forfattarane og få signert bøker.  
Thon Hotel serverer varmrettar, kaker og kaffi i kulturhuskaféen heile dagen.

Det blir eige barneprogram med gratis inngang for barn.  
Mellom anna vil Opplevelsesfabrikken Experia spele teaterstykket «Den vesle bygda som glømte at det var jul», basert på Alf Prøysen si forteljing.

Vel møtt til ein triveleg bokdag for både store og små!

Ål kyrkjeakademi presenterer:

## **Slutt på statskyrkja - kva no?**

**Møte med  
Kjellfred Dekko**

Etter nesten 500 år med statskyrkje i landet vårt,  
vil kyrkja og staten skilje lag frå 1. januar 2017.  
Kva konsekvensar får dette?

Kjellfred Dekko er kyrkjeverge i Ål, og har også ein sentral posisjon i kyrkjedemokratiet i landet. Han er leiar i Tunsberg Bispedømmeråd og medlem av kyrkjemøtet. Han har fulgt prosessen med avvikling av statskyrkja gjennom fleire år, og har mykje kunnskap om dette emnet. Kjellfred vil dele desse kunnskapane med oss - og tankane han har om kyrkja i ei ny tid.

Det vil også vere med eit panel med deltakarar frå både kyrkje og samfunnsliv denne kvelden.



● **Foredrag**

Nesch-museet  
**Onsdag 23. november kl. 1915**  
Billettar kr. 150,-/120,-

Konsert

## Ted Torres m/band



Storesalen

**Fredag 25. november kl. 1900**

Billettar kr. 450,-

Billettelefon: 32 08 51 00

### HEILAFTEN!

Thon Hotel Hallingdal  
Kl. 17.00

- Ribbetallerken med tilbehør
- Riskrem

**Billett inkl middag kr. 695,-**


## If I Can Dream of Christmas

Velkomen til ei unik konsertoppleving med ein av dei fremste Elvis-tolkarane i USA, Ted Torres frå Orlando. Han syng frå Elvis Presley sitt mangfaldige repertoar av gospel- og julesangar, og med seg har Ted Torres eit knippe dyktige musikarar.

– *Gospel music is the purest thing there is on this earth*, sa Elvis Presley ein gong. Elvis vaks opp i sørstatane i USA, nærmere bestemt Tupelo, Mississippi, og vart tidleg inspirert og påverka av gospelmusikken. Han tok med seg inspirasjonen då familien flytta til Memphis, der han også tok inn over seg soul- og bluesmusikken til dei svarte. Blandinga av dette vart til "The King of rock'n roll", og ein artist verda aldri har sett maken til. Elvis elsa å synge gospel- og spirituelle julesangar rundt pianoet på Graceland med familie og vener. Saman med Ted Torres og eit flott band, får me oppleve ein uvanleg julekonsert med alle dei kjende gospel- og julesangane frå Elvis; frå *How Great Thou Art*, *Peace In The Valley*, *I Believe* og *Crying In The Chapel* til juleklassikarar som *Silent Night*, *Blue Christmas* og *Marry Christmas Baby*. Ted Torres har spelt fleire gonger i Noreg, seinast i mai i år då han fekk strålande omtaler etter fleire konsertar, mellom anna i TV2. Dette blir ein annleis julekonsert som du ikkje bør gå glipp av!

[www.aal.kulturhus.no](http://www.aal.kulturhus.no)

Ål kulturskule presenterer:



Velkommen til julegrantenning,  
lysvandring, gløgg, nissar og  
framsyning fyrste sundag i advent.

Også i år inviterer Ål kulturskule  
små og store til ein juleklassikar  
med ein eigen vri.

A *Christmas carol* av Charles  
Dickens vart første gong  
publisert i 1847, og blir framleis  
lese og spelt over heile verda.  
Gjennom stemningsfull musikk,  
dans og teater vil elevane ved  
Ål kulturskule gje publikum ein  
heilt spesiell start på adventstida.  
Velkommen til jul på Sundre!

**KI. 14:00: Eit juleeventyr**  
**KI. 16:00: Julegrantenning på**  
**Torget og lysvandring ned**  
**til kulturhuset der Nissen**  
**ventar. Gløgg til alle.**  
**KI. 17:30: Eit juleeventyr**

Storesalen

**Sundag 27. november kl. 1400 og 1730**

Billettar kr. 150,-/80,-

Teater



Foto: Fantasi-fabrikken AS

Storesalen

**Fredag 2. desember kl. 1800**

Billettar kr. 245,-/225,-

Billettelefon: 32 08 51 00

## TraktorJul med Gråtass og gjengen

Her er alle med. Grynet, Goggen, Gamlefар og begge skurkane. Det er duka for spenning, forviklinger, humor, varme og den gode julestemningen.

Det er jul på garden til Gråtass og venene hans, og det skal som vanleg ryddast og pyntast. Det er Goggen sin tur til å bake, noko han gler seg veldig til, men som bekymrar Gamlefар og Grynet litt. Goggen har nemleg funne opp eit nytt superdupert bakepulver som får kakene ekstra store på rekordtid. Goggen er heilt sikker på at julenissen kjem. Og det gjer han - men ikkje berre ein. Det kjem endå ein nisse... og så endå ein... og til slutt eit reinsdyr, noko som gjer alle på garden forvirra. Gråtass syns at to av nissane er litt mørkkete med oljeflekkar på kleda, og at reinsdyret ikkje oppfører seg slik som ein rein skal. Gråtass må ordne opp på garden!

[www.aal.kulturhus.no](http://www.aal.kulturhus.no)

# Sæle jolekveld

• Konsert



## Gunnhild Sundli og Aasmund Nordstoga m/band

Artistane Gunnhild Sundli og Aasmund Nordstoga gav i november 2015 ut juleplata Sæle jolekveld, og fekk svært gode kritikkar for den. No legg dei ut på juleturne med repertoaret frå plata. Dei har sett saman ein julekonsert som har i seg den drivande nerva i folkemusikken, og dei byr på kjende og mindre kjende julesongar framført leikande, vakkert og fredfullt - og med det intime samspelet mellom tekst og melodi i sentrum.

Begge artistane har røter i folkemusikken, og med seg har dei nokre av sjangerens fremste musikarar. Saman skapar Sundli, Nordstoga og bandet ein julekonsert i særklass.

Medverkande:

Gunnhild Sundli (vokal), Aasmund Nordstoga (vokal),  
Åsmund Reistad (gitar/mandola), Daniel Sandén-Warg (feler/strengeinstrument)  
og Gjermund Silset (kontrabass).

### HEILAFTEN!

Hallingdal Feriepark  
Kl. 17.00

- Kryddersteikt kveite med eplesmør, ovnsbakte betar og potetar
- Appelsinmousse med friske bær

**Billett inkl middag kr. 595,-**

Storesalen  
**Torsdag 8. desember kl. 1900**  
Billettar kr. 350,-



## Måndag 5. september kl. 19.30 **The Nordic Fiddlers Bloc**

Dei kjem frå Shetland, Røros og Sverige. Kevin Henderson (fele), Olav Luksengård Mjelva (hardingfele) og Andres Hall (fele og bratsj) spelar slik spelemenn skal, kvar av dei er ein meister i sin eigen, lokale tradisjon. Saman vert dei meisterleg på sin heilt eigne måte. Musikken deira vil naturleg nok favne alle deira tradisjonsområde, og samspelet er unikt, rått og eventyrleg.

## Måndag 26. september kl. 19.30 på Ål kulturhus **Eivind Austad Trio**

Trioen består av Eivind Austad på piano, Magne Thormodsæter på bass og Håkon Mjåset Johansen på trommer. Dei spelar eigenkomponert musikk forankra i krysningspunktet mellom amerikansk jazz, gospel, blues, europeisk klassisk musikk og folkemusikk. Musikalsk sett har dei vorte samanlikna med Bill Evans, Keith Jarrett og Chick Corea, og denne kvelden er Fryd Scene på Scena i storesalen i Ål kulturhus.



## Fredag 14. oktober kl. 20.00 **Baljelauget - blues møter folkemusikk**

Denne fredagen byr Fryd Scene på gitarblues med fingerpicking, hardingfele og baljbass, eit einstrengs instrument konstruert med kosteskaft og sinkbalje. Kvartetten frå Voss spelar førkrigsblues i tradisjon etter dei gamle heltane frå Mississippi, ispedd ein solid dose norsk tradisjonsmusikk med tekstar på dialekt i god bluesånd om hjerte, smerte, tull og vas.

## Onsdag 26. oktober kl. 19.30 **Me svallast: Per Vollestad og Ola Perstølen**

Reklameslagarane frå før krigen vart utgjeve på notar, innspelt på 78-plater og sunge live i butikkar og etterkvart også på radio. Per Vollestad har samla desse i mange år. På Fryd Scene skal han sygne nokre av desse saman med Svein Olav Blindheim.

Perstølen har drive butikk på Sundre i nesten 100 år! Då avisar Hallingdølen kom i produksjon tok også annonsene til å kome. Perstølen sine annonser gjekk det gjetord om. Annonsene var gjerne små morosame historier som folk venta på og glede seg over. Ola Perstølen har funne att desse, og vil dele utvalde annonser med publikum. Me garanterer ein kveld de ikkje har høyrt maken til!



**fryd**  
scene



## Torsdag 3. november kl. 19.30

### Nakama

Ensemblet Nakama spelar musikk som kan karakteriserast som europeisk jazz anno 2000, amerikansk samtidsmusikk anno 1960, japansk tradisjonsmusikk og eit snev av romantisk klassisk musikk. Nakama er tomheit og form, form og tomheit. Det er det du får når du blandar japanske teikneseriar, minimalisme, chili og zen-buddhisme. Nakama er eit tappert forsøk på å gjøre verda til ein betre stad gjennom lyd og stillheit.

## Måndag 14. november kl. 20.00 på Sundrehall

### Frode Alnæs

Frode Alnæs er ein av norsk musikkens mest populære og suksessrike artistar og låtskrivarar. Han har i alle år gleda sit stort publikum gjennom sin musikk og smittande humør. Alnæs blir rekna som ein seriøs komponist og ein av Norges beste gitaristar. Han er også ein songar med sær preg, og på Fryd Scene kjem han med fløyelsmjuk stemme og gitarar.



## Tysdag 6. desember kl. 19.30

### Espen Wensaas, Sivert Holmen og Tore Flatjord

Espen Wensaas kjem frå Geilo og er vel kjend som gitarist og folkemusikar i Hallingdal. Sivert Holmen er ein av dei fremste, unge hardingfelespelmennene me har i dag, og saman har desse to med seg Tore Flatjord på slagverk. Flatjord er trommeslagaren i Baker Hansen og han har gjesta Fryd Scene fleire gonger. Dette er den fyrste konserten som heilt ny trio, og me gler oss til urframføring!

## Laurdag 17. desember kl. 15.00

### Ung Scene: Borgar Storebråten

Legg vekk julejaget for ein times tid, og la deg føre inn i Borgar Storebråtens verden. Forutan juletonar vil konserten gje deg Storebråten med band sin Americana og Roots-baserte musikk.

Velkommen til ein annleis julekonsert midt på Sundre!



**fryd  
scene**

**Fryd Scene**  
gjev publikum store  
musikalske opplevingar  
i eit intimt lokale.  
Konsertstaden er  
Aal Pensjonat, der  
Fryd Scene har  
etablert seg som  
ei kvalitetsbevisst,  
sjangerfri, uhøgtidleg  
og fordomsfri scene  
midt på torget på Ål.

Det er alltid høve  
til å kjøpe kaffi og  
heimelaga kake på  
konsertane våre.

Billettar kan kjøpast  
på førehand på  
Ål kulturhus  
(aal.kulturhus.no)  
eller direkte i  
døra 30 minutt før  
konsertstart.

# LEVLED KUNSTNARTUN



Leveld Kunstnartun er ein arbeidsstad der utøvande kunstnarar kan arbeide i kortare eller lengre periodar, og der utøvarar med ulik bakgrunn kan arbeide på tvers av sjangrar. Kvar kunstnar som bur på tunet skal gje noko attende – ein konsert, eit foredrag, ei utstilling, ope hus og så vidare. Så følg med - det blir mange spanande arrangement framover!



## Me ynskjer kunstnarane våre for andre halvår 2016 varmt velkomne:

- \* **Arno Peeters og Iris Honderdos** kjem frå Nederland og jobbar for å utvikle eit kunstprosjekt med folk i bygda – noko som hender der og då.
- \* **Christian Meaas Svendsen** kjem frå Kongsberg og er busett i Oslo. Han er bassist og spelar både klassisk samtidsmusikk og samtidsjazz.
- \* **Toril Bonsaksen** er frå Oslo og jobbar med skulptur og metall. I det siste har ho jobba med møblar av bestikk.
- \* **Eirik Ingebrigtsen** er prislønna forfattar og kjem frå Os i Hordaland. Han har gjeve ut seks romanar på nynorsk.
- \* **Maiken Stene** er frå Oslo og Sokndal. Ho jobbar med måleri, installasjon, tekst og video, og er interessert i natur sett i lys av den norske kunsthistoria og nasjonalidentiteten.
- \* **Amelia Whitcomb** kjem frå San Francisco og er fiction- og manusforfattar.
- \* **Ingrid Lønningdal** er frå Bergen og bur i Oslo. Ho er biletkunstnar med interesse for romlegheit, farge og arkitektur.
- \* **Espen Hangård** er frå Bergen og bur i Oslo. Han er musikar med fokus på elektronisk musikk.
- \* **Delana Carbone** er frå Australia og jobbar innanfor kreativ skriving og visuell kunst, med særleg interesse for "Superfiction".
- \* **Marna Shopoff** er frå USA og jobbar innanfor måling, teikning og abstrakt læring med fokus på natur, geografi og økologi.

# Nesch-museet




"Sjefens frue" (1954)

Nesch-museet er verdas største permanente samling av arbeida til den internasjonalt kjende, tysk-fødde kunstnaren Rolf Nesch (1893-1975). Samlinga omfattar både grafikk, skulpturar, måleri og materialbilete.

Museet opna i 1993 og er besøkt av kunstinteresserte fra store delar av Europa.

Rolf Nesch

# Hallingrosa



Skåpdør måla av Andres Dekko

Opplev rosemålkunst i verdsklasse, med særleg vekt på hallingrosa. Utstillinga tek utgangspunkt i den kunsthistoriske utviklinga frå slutten av 1700-talet og fram til nyare rosemalinger.

Du finn utstillinga Hallingrosa i nedre foaje på kulturhuset.

**Nesch-museet**



Kunst

kulturstreif hallingdal



## Den store kinodagen

Laurdag  
**5. november**

Ein heil dag med  
filmar til halv pris,  
i tillegg til konkuransar,  
oppvisningar og  
mykje moro på  
Ål kino.

Hugs at  
film er best på kino!